



NO STENGJER VI

Måndag 23. september blir rv. 36 langs Seljordsvatnet stengd. Omkjøring for tunge køyretøy er E134 om Notodden. Personbilar kan køyre fylkesveg 156 om Garvikstrondi.

Dei siste vekene har arbeidet vore i gang for fullt i Sjøormporten tunnel. Til no har vi arbeidt slik at vi har kunna slept bilar igjennom tunnelen i ei retning av gangen. Vi har grave oss heilt ned til reint fjell under det eine køyrefeltet. Her har vi blant anna lagt ned nye vassrør og trekkerør til alle elektriske leidningar som skal vere i tunnelen. Dette har vi støypt inn slik at det legg verna i sjølve vegkroppen. Nokre stader har det vore nødvendig å pigge oss ned i fjellet for å få plass til kummar. Her har vi fylt opp igjen, slik at det no er mogeleg å køyre i begge retningar samtidig.

23. september må vi stengje slik vi har annonser tidlegare. Då skal tunnelen ribbast for alt gammalt elektrisk utstyr før vi fjernar vatn- og frostsikringa i tunnelen. Dette er store plater som er dekte med betong. Når alt er rive, byggjer vi opp på nytt. Mens vi utfører desse oppgåvane vil det ikkje vere fysisk plass til at trafikken kan passera samtidig.

Mens vegen er stengd kan personbilar køyre fylkesveg 156 på motsatt side av Seljordsvatnet. Denne vegen har lågare standard enn riksvegen. Statens vegvesen har rusta opp vegen for meir enn 12 millionar kroner, slik at den betre kan klare den auka trafikken. I periodane kor det er behov, vil denne vegen bli salta for å minimere utfordringane med glatt føre. Det er likevel ikkje til å leggje skjul på at det kan bli redusert framkome i periodar. Vi vil derfor tilrå alle som er lokalkjent om å bruke alternative vegar. Det kan for eksempel vere hytteigarar i Grenland som skal til Rauland.

Særleg i helgane vil trafikken auke


Vi skiltar omkjøring for tunge køyretøy om E 134 til Notodden og derfra fv 360 til krysset med rv. 36 på Gvarv, og motsatt for trafikk som skal i retning Seljord.

Mykje skal skje langs Seljordsvatnet. Entreprenør Hovden hytteservice AS startar samtidig de innleiane arbeida med byggjinga av to strekningar på til saman 3 kilometer. Det første som skal skje her er at den nye traseen blir hogge. I området går det også kraftkablar, desse vil bli flytta mellombels ut av anleggsområdet.

Før ny veg kan byggjas, må det også lagas anleggsveger. Den første tiden vil gå med til å byggje veger slik at anleggsmaskina kan kome fram til der kor vegen skal byggjas.

Under heile jolestria og fram til 6. januar vil vi ha vegen open, for å gjere ulempene mindre for alle som brukar denne vegen. I den første delen av den opne perioden, kan det være naudsynt å regulere trafikken gjennom tunnelen.

I stengjepersonane vil vegen vere helt stengt. Vi forstår at det vil opplevast som ei belasting for somme, det beklagar vi. Alle som bur i området vil sjølvsgått få tilgjenge til sine eigne eigedomar, frå anten Bø- eller Seljord-sida. Frå kva side vil variere med framdrifta i anlegget.



I perioden når vegen er stengd blir det omkjøring via E 134 om Notodden og fv. 360 til Gvarv for tunge kjøretøy, mens resten av trafikantane kan nytte fv. 156 på motsatt side av Seljordsvatnet. Omkjøringa er skilta.

STENGJETIDER:

Arbeid utanfor tunnelen tidvis redusera framkome:

20. mai–15. august

Heilt stengd:

23. september–30. november

Redusera framkome og noko nattarbeid med stenging:

1. desember–13. desember

Heilt stengd:

6. januar 2020–30. april 2020

Fem månader saman-hengande innanfor tidsrommet:

1. oktober 2020–30. april 2021

Vi vil også oppdatere nettsidene til prosjektet underveis.

Du finn oss her: vegvesen.no/tunnelersor og www.vegvesen.no/Riksveg/rv36seljorstrondi

KONTAKT:

Sjøormporten: Prosjektleiar **Stig Berg-Thomassen**, tlf. 975 83 988, e-post: stig.berg-thomassen@vegvesen.no
Byggjeleiar **Ingar Reinskås**, tlf. 959 28 495, e-post: ingar.reinskas@vegvesen.no

Rv. 36 Bø-Seljord: Delprosjektleder **Anne Refsdal**, tlf. 974 41 797, e-post: anne.refsdal@vegvesen.no
Byggeleiar **Terje Hovde Kaasa** tlf. 971 74 363, e-post: terje.kaasa@vegvesen.no

Kommunikasjonsansvarleg begge prosjektene: **Tor Arvid A. Gundersen**, tlf. 970 79 628, e-post tor.gundersen@vegvesen.no